

# **Møteinkalling**

---

**Utval:** **Folgefonna nasjonalparkstyre**

**Møtestad:** Folgefonsenteret – Rosendal

**Dato:** 12.09.2019

**Tidspunkt:** 09:30

---

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 55 57 22 02. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 41/19	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 42/19	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 43/19	Framlegg til klagesak - Folgefonna nasjonalpark - Søknad - Bygge opp att Olaselet på Fønderdalsstølen - Folgefonna nasjonalparkstyre	2019/3072	
ST 44/19	Framlegg - Søknadar om økonomisk støtte til prosjekt - Folgefonna nasjonalparkstyre 2019	2019/4171	
ST 45/19	Utkast til besøksstrategi til fagleg godkjenning i Miljødirektoratet - Folgefonna nasjonalparkstyre 2019	2019/4171	
ST 46/19	Vurdering av oppfølging - Bruk av drone utan løyve - Folgefonna nasjonalpark	2019/17116	
ST 47/19	Bygging av bru over Pyttelva - Bondhusdalen landskapsvernområde	2019/12007	
ST 48/19	Referatsaker		
RS 11/19	Avklaring om bruk av dronar i verneområde - Miljødirektoratet - Folgefonna nasjonalparkstyre 2019	2019/4171	
RS 12/19	Orientering - Folgefonna Nasjonalpark - Definisjon av Forsvarets operative virksomhet i verneområdene	2019/8843	
RS 13/19	Referatsak - Bygging av Svoldal kraftverk i Kvinnherad kommune - Fatland Kraft AS	2019/16634	
RS 14/19	Ikkje gjennomført tiltak - Oppføring av stølshus/hytte Raunsdalen	2019/17018	
ST 49/19	Delegerte saker		
DS 29/19	Delegert vedtak - Landing med helikopter i Raunsdalen - Folgefonna nasjonalpark	2019/10362	
DS 30/19	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - bruk av drone til filming av kunstprosjekt - Torstein Lund Eik	2019/13553	
DS 31/19	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - Sandvinsstølen - Vierdal - Einar Riise	2019/13145	
DS 32/19	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalparkstyre - Buer landskapsvernområde - Helikoptertransport i samband med sau i	2019/14766	

	skarfeste	
DS 33/19	Løyve 2019 - Folgefonna Nasjonalpark - Etne - Helikoptertransport av felt hjort - Sandvikedalen - Mosdalen og Hjortedalen	2018/1083
DS 34/19	Delegert vedtak - Filming med drone på Hanakamb - Folgefonna nasjonalpark	2019/10363
DS 35/19	Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Landing med helikopter ved Hersetenuten,Ridbjørg og Reinanuten 8-14 sept 2019	2019/12585
DS 36/19	Delegert vedtak - Løyve til motorisert ferdsel med helikopter i samband med arbeid på stølshus i Vierdal - Folgefonna nasjonalpark	2019/15085
DS 37/19	Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel til henting av sau i skorfeste - Folgefonna nasjonalpark	2019/16650
DS 38/19	Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel for uttransport av felt storvilt - Folgefonna nasjonalpark	2019/17050
DS 39/19	Avgjerd i AU i Folgefonna nasjonalparkstyre - Motorisert ferdsel i Bondhusdalen landskapsvernområde	2019/16232

**ST 41/19 Godkjenning av innkalling og dagsorden**

**ST 42/19 Val av styremedlem til å skrive under protokollen**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	43/19	12.09.2019

## **Framlegg til klagesak - Folgefonna nasjonalpark - Søknad - Bygge opp att Olaselet på Fønderdalsstølen - Folgefonna nasjonalparkstyre**

### **Framlegg frå forvaltar**

Forvaltar kjem ikkje med framlegg i saka, viser til førre handsaming av saka.

### **Saksopplysningar**

- Søknad
- Byggeteikningar
- Uttale frå Hordaland fylkeskommune
- Vedtak frå Folgefonna nasjonalparkstyre 01.03.2019
- Klage på vedtak

### **Klagen**

Folgefonna nasjonalparkstyre gjorde i sak 4/19 i styremøte 01.03.2019 vedtak om å gje avslag på søknad om å få bygge eit stølshus i Fynderdalen i Folgefonna nasjonalpark.

Brev om vedtak vart sendt til søker 05.03.2019.

Under er klage frå søkerane som vart motteke av nasjonalparkstyret 23.03.2019.

«Me viser til Folgefonna nasjonalparkstyre sitt vedtak i møte 1. mars 2019 med avslag på søknad om å få bygge oppatt stølshus på Fynderdalen.

### **Bakgrunn i saka**

Me sökte den 29.01.19 om godkjenning frå nasjonalparkstyre til å føre opp nytt stølsbygg 15 m<sup>2</sup> på eksisterande tuft på Fynderdalsstølen. Oppføringa er begrunna i eit sterkt ynskje om å bruke stølen meir, halde den og kulturminne i hevd og vekke interesse for kulturlandskap og natur i den yngre generasjon. Nasjonalparkstyret gav avslag heimla i verneforskrifta § 3 punkt 1.1.

## **Fylkeskonservatoren og Kvinnherad kommune positiv**

Me viser til Hordaland Fylkeskommune v/ fylkeskonservatoren sin uttale der han konkluderer med at oppattbygging av Olaselet er eit positivt tiltak, kvifor er ikkje denne uttalen teke med i saksutgreiinga? Me har gjort ein henvendelse til fylket der me oppmodar konservatoren om å sjå nærare på ivaretakinga av stølane i verneområder og at dei er meir frampå som faginnstans og får gjennomslag der vernemynde er restriktiv når det gjeld oppattbygging og restaurering. Kvinnherad kommune stiller seg også positiv.

## **Ikkje turisme**

Vi ser at det kanskje er oppfatta slik at stølshuset skal leigast ut til turistar, dette er ikkje tilfelle. Vår intensjon er å kunne låne ut selet til få spesielle gjester i Olalø, til td brudepar eller særskilt interesserte. Også dei som vil på jakt eller vil leige beite i området.

Løyve utviding Fonnabu

I same møtet den 01.03.19 vart det gjort vedtak om at Bergen Turlag BT sine turisthytter i nasjonalparken skal utvidast med opptil 40m2 tilbygg. Verneforskriftene har klare og strenge retningslinjer både når det gjeld estetikk og tilpassing.

Vi tykkjer det er bra at det vert lagt til rette for bruk av parken og at BT får utvide hyttene sine, likevel meinar vi forskrifter og retningslinjer bør gjelde nokolunde likt for grunneigar og organisasjonar. Kvifor skal det vere så enkelt for dei som legg til rette for «masseturisme» i fjellet kontra lokalbefolking / bønder som ynskjer å nytte stølane og halde dei i hevd. Det bør for vernemynde vere viktig at både lokalbefolking og turistar nyttar nasjonalparken, kvar på sin skånsomme måte.

## **Mindre bruk**

Allereie for fleire år sidan bar Fynderdalen preg av å miste sitt kulturlandskap og det er under sterk forandring. Skogen, vegetasjon og fine stiar gror over og stølen blir mindre brukt enn før, klima spelar nok ei rolle men mindre beitedyr, ingen hoggst og mindre bruk er nok hovudårsak. Vi ser det som viktig å legge til rette for å kunne bruke stølen og å få nye generasjonar til å fatte interesse for den.

## **Presedens**

Det er nevnt i vedtaket at rundt Folgefonna er ca 300 private eigedomar, og at det er ikkje laga noko oversikt over kven som har støl eller stølsrettar. Kanskje det hadde vore nyttig å få ei kartlegging på desse og byggteknisk tilstand før dei fysiske bevisa i terrenget ebbar ut, (jf avsnitt fylkeskonsevatore). Om nokre år kan desse unike kulturminna i fjellet forsvinne om ikkje det vert gitt opning for å kunne bygge og rekonstruere. Vi trur at om dei få som spør får lov, vil ikkje det føre til at alle spør og ein voldsom presedens. Kanskje blir det slik at ein faktisk må påkreve eigalar på sikt å halde stølane i hevd.

Bondhusdalen og landskapet rundt har vore forvalta og brukt av våre forfedre i mange hundre år, på ein fin måte. Bondhus- og Sundalsbøndene la til rette for turisme med å bygge gode stiar til fjells og skysse folk over Folgefonna, i tillegg var dei aktive på stølane sine med både bygging og rydding. Hadde dei visst då kor strengt deira tippoldeborn og etterkomrar fekk det med å gjere ting no til dags på sin eigen grunn hadde dei nok vorte svært forundra. Utan deira innsats hadde vi ikkje hatt nasjonalparken slik tilgjengeleg som den er i dag, då må det vel vere lov for oss etterkomrarar i samhandling med vernemynde å få lov å vedlikehalde og bygge i parken på slik måte som våre tidlegare slekter. Det trur vi gagnar Folgefonna Nasjonalpark best og i framtida.»

## **Lovheimel**

Etter forvaltingslova § 26 er det mogleg for alle med rettsleg klageinteresse å klage på enkeltvedtak fatta av Folgefonna nasjonalparkstyre. Fristen for å sende inn klage er 3 veker etter at ein er gjort kjent med vedtaket. Ei klage vil først bli handsama i nasjonalparkstyret, der styret kan velje å gjere om eige vedtak eller oppretthalde vedtaket. Om styret opprettheld sitt vedtak vil saka bli sendt til Miljødirektoratet for endeleg avgjerd.

Klagen skal vurderast etter vernereglane og miljørettsprinsippa i § 8 – 12 i naturmangfaldlova. Det skal komme fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og lagt vekt på i saka.

Vernereglane for Folgefonna nasjonalpark finn vi i forskrifta frå 2005. Føremålet med vern av dette området er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde og sikre geologisk og biologisk mangfald, verdfull vassdragsnatur og verdfulle kulturlandskap. Området er verna mot inngrep som vesentleg endrar karakteren til landskapet og det er generelt forbod mot t.d. vassdragsregulering, graving og påfylling av massar, sprenging m.m.

Om det ikkje er direkte heimel i verneforskrifta til å gjennomføre eit tiltak må tiltaket heimlast etter § 48 i naturmangfaldlova. Etter § 48 i naturmangfaldlova kan forvaltingsstypesmakta gjere unntak frå vernereglane ved nokre høve og berre om det ikkje kjem i strid med føremålet med vernet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.


Forvaltingsplanen for Folgefonna blei vedteken i 2010 og inneheld retningsliner for bruken av verneområdet. Dette seier forvaltingsplanen om nye bygningar i verneområdet:

«Det skal vere ei restriktiv forvalting av området når det gjeld heilt nye bygningar. Vernereglane er difor utforma ut frå målet om å kunne gje ei klar avgrensing når det gjeld nye bygg. Vernereglane opnar for oppføring av nye bygningar i samband med husdyrnæring, oppsyn eller om bygninga går tapt ved brann eller annan naturskade.

- Normalt vert det gjeve løyve til oppattbygging av bygningar som er gått tapt i brann eller ved annan naturskade. Dersom bygningen hadde ei uheldig plassering med tanke på verneverdiane bør bygningen byggjast opp at på meir eigna stad på eigedomen.»

## **Vurdering**

Søkjar har sendt klagen innanfor fristen som er gitt og det er difor høve til å følgje opp klagen. For fleire bilete og plassering av stølen viser vi til saksframlegg til sak 4/19.



Figur 1: Plassering av stølen i Fynderdalen

På vernetidspunktet var det 25 år sidan selet sto. Bygget må difor reknast som eit nybygg etter verneforskriftene, sjølv om det er tenkt oppført på ei eksisterande tuft og med tilnærma same utforming som det opphavlege selet. Forvaltingsplanen peiker på av vernereglane legg opp til ei restriktiv haldning til nye bygningar i verneområdet. Det er lista opp ei rekke spesifikke vilkår som kan gje grunnlag for å setje opp ei hytte, blant anna at bygget er naudsynt for husdyrnæring, oppsyn eller at bygget har gått tapt ved brann eller annan naturskade.

Sidan vi ikkje finn opning for å gje løyve etter verneforskrifta må saka vurderast etter den generelle dispensasjonsheimelen i naturmangfaldlova § 48. Bruken av denne paragrafen for å gje løyve skal vere restriktiv og stort sett berre opne for tiltak som ikkje blei vurderte på vernetidspunktet og store prosjekt med stor samfunnsnytte.

Det er ikkje registrert raudlisteartar eller utvalde naturtypar i området der hytta er tenkt plassert (Artskart og Naturbase sjekka 14.02.2019). Selet er tenkt plassert på ein etablert stølsvoll der det er tre andre bygg i dag. Bygget vil vere tilpassa eksisterande bygningar både i stil og storleik.

Tiltaka i seg sjølv meiner forvaltar ikkje vil ha negative konsekvensar for naturmangfaldet i området. Kunnskapsgrunnlaget jf. § 8 i naturmangfaldlova er vurdert som god nok for å handsama saka.

Ved vurdering av samla belasting jf. § 10, så må ein sjå på kva konsekvensar desse tiltaka har på økosystemet samla sett, i dag og i framtida. Det er tre bygg i området i dag, og det er 2 gamle tufter som ikkje er bebygde. Søkjaren i denne saka er ein av dei.

Det skal i utgangspunktet førast ein restriktiv politikk når det gjeld nybygg i nasjonalparken. Å opne for gje løyve til å setja opp ei hytte utan at det er i samband med husdyrnæring vil etter forvaltaren si meining kunne vil skape presedens for liknande saker i framtida. Verneområda rundt Folgefonna omfattar rundt 300 private egedommar. Det er ikkje laga nokon oversikt over kor mange av desse egedommane som har støl eller stølsrettar innanfor verneområda, men det gjeld nok ein god del. Per i dag er det kjent rundt 40 hytter, buer og sel i verneområda. Difor er potensialet stort for at det vil komme fleire søkjrarar på slike saker.

Forvaltar er einig med søkjjarane om at det er viktig å legge til rette for auka beitebruk for å ta vare på verneverdiane knytte til kulturlandskapet og kulturminna rundt Fynderdalsstølen.

I verneforskrift og forvaltingsplan er det sagt at kriteria for å kunne gje løyve til eit nybygg må vere at bygget skal brukast i samband med landbruksdrift eller oppsyn. Søkjær driv ikkje med dyr sjølv i dag og difor vurderer forvaltar det slik at grunnlaget for å gje løyve ikkje er til stades. Bygging av hytter og sel i verneområda var grundig diskutert i verneprosessen og difor kan vi ikkje sei at dette tilfellet ikkje blei vurdert. Det er ei uheldig effekt av desse reglane at dei skil så kraftig på å ha ei landbruksdrift på søknadstidspunktet som grunnlag for å kunne gje løyve. I eit moderne landbruk vil det raskt endre seg kven som driv med beitedyr. I tillegg kjem aspektet med folk som leiger beite av ein eller fleire rettshavarar i verneområda.

## Konklusjon

Forvaltar konkluderer med at utforminga til det omsøkte selet er innanfor lokal byggeskikk og godt tilpassa landskapet. Det vil føye seg naturleg inn på stølsvollen. Men sidan søkjjarane ikkje fyller kriteria sett i verneforskrift og forvaltingsplan finn forvaltar ikkje opning for å gje løyve etter verneforskrifta.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	44/19	12.09.2019

## **Framlegg - Søknadar om økonomisk støtte til prosjekt - Folgefonna nasjonalparkstyre 2019**

### **Framlegg frå forvaltar**

Forvaltar kjem ikkje med framlegg i saka

### **Saksopplysningar**

Sjå vedlagte søknader.

#### *Fonnabu*

Bergen og Hordaland turlag fekk løyve til å utvide turisthytta Fonnabu i Folgefonna nasjonalpark i sak 5/19. I samband med utvidinga søker dei om økonomisk støtte til utviding av Fonnabu turisthytte. Vi viser til søknaden og byggesøknaden for meir detaljar. Prosjektet har ei budsjetttramme på 2 500 000 kroner og turlaget søker mange finansieringskjelder. Dei har allereie fått løyvd 1 000 000 kroner frå Sparebankstiftinga SR-bank. Det er ikkje spesifisert nærmare kva beløp dei søker om frå nasjonalparkstyret.

#### *Ridestien Tokheimslia*

Odda/Ullensvang turlag søker om 330 000,- til avslutting av arbeidet med restaurering av Ridestien opp Tokheimslia. I fjar fekk dei 300 000 frå tiltaksmidlane til nasjonalparkstyret og hadde eit totalbudsjett på 1 million (dei fekk inn totalt 700 000). 630 000,- kroner vart nytta på tiltaket i fjar, i tillegg til godt over 400 timer med dugnadsarbeid. Attverande arbeid er kalkulert til å koste rundt 400 000, av dette har dei allereie fått inn 60 000 frå Historiske vandruter.

Føremålet med å restaurere stien er som følgjer:

- 1- Ta vare på eit viktig kulturhistorisk minne.
- 2- Oppretthalde den gode tilgjenge til Folgefonna Nasjonalpark og hytta på Holmaskjær.

- 3- Gjere det lettare og meir interessant for born og unge å gå ein tur opp Tokheimslia. Kvilebuene i Støladalen kan være et fint turmål. Det vil bli laget sitje- og drikkeplasser undervegs opp lia. Det vert søkt parallellt til andre aktørar.

## Vurdering

I møte 01.03.2019 vedtok Folgefonna nasjonalparkstyre å nytte tiltaksmidlane på denne måten:

### *Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 01.03.2019*

#### *Vedtak*

*Folgefonna nasjonalparkstyre vedtek å prioritere desse tiltaka i 2019.*

<i>Skildring</i>	<i>Søkt om</i>
<i>Kartlegge og lage ein plan for fjerning av framande treslag i Hattebergsdalen landskapsvernområde. Dette er eit ledd i arbeidet med å fjerne alle framande artar og hindre spreiing av framande artar inne i verneområda. Planen skal innehalde oversikt over alle førekomstar, tilråding på korleis uttak skal gjerast og kostnadsoverslag på kvart enkelt tiltak. Dette skal fungere som eit grunnlag for å söke om tiltaksmidlar påfølgande år.</i>	<i>300 000</i>
<i>Mål: Å lage ein kort informasjons/introduksjonsfilm om Folgefonna nasjonalpark i tråd med merkevarestrategi</i>	<i>150 000</i>
<i>Drift av bru over Skrelet + forsterke brua etter flaum</i>	<i>20 000</i>
<i>Pilotprosjekt for å utreie modell for offentleg-privat samarbeid om tilrettelegging og drift av innfallsport Bondhusdalen (frå Driftsmidlane)</i>	<i>200 000</i>
<i>Ferdselsteljarar</i>	<i>Kjem seinare</i>
<i>Uføresette tiltak</i>	<i>30 000</i>
<b><i>SUM</i></b>	<b><i>700 000</i></b>

Etter avklaring frå Miljødirektoratet via epost 9. mai 2019 vart det gjort klart at 150 000 til informasjonsfilm ikkje vart løyvd pengar til fordi besøksstrategi ikkje er endeleg vedteken. Difor vert det pengar fristilte til andre prosjekt, noko som også er godkjent av Miljødirektoratet, så lenge dei er innanfor retningslinene for tiltaksmidlar i verneområde.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	45/19	12.09.2019

## **Utkast til besøksstrategi til fagleg godkjenning i Miljødirektoratet - Folgefonna nasjonalparkstyre 2019**

### **Innstilling frå forvaltar**

Folgefonna nasjonalparkstyre sender utkast til besøksstrategi til fagleg godkjenning hos Miljødirektoratet før høyring av strategien.

### **Saksopplysningar**

I tråd med rettleiar for besøksstrategiar for verneområda skal alle større besøksstrategiar sendast på fagleg godkjenning i Miljødirektoratet før dei sendast på høyring og kan vedtakast. Det vert difor gjort framlegg om å senda besøksstrategien til fagleg godkjenning.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	46/19	12.09.2019

## **Vurdering av oppfølging - Bruk av drone utan løyve - Folgefonna nasjonalpark**

### **Innstilling frå forvaltar**

Alt. 1 – Tiltakshaver vert informert om brot på verneforskrifta og får ei muntleg åtvaring.

Alt. 2 - Tiltakshaver vert informert om brot på verneforskrifta og om å senda inn ein søknad. Søknaden må handsamast og eit evt avslag må følgast opp med ulovlighetsoppfølging.

### **Saksopplysningar**

Det vart i august 2019 lagt ut ein videolenke på nettstaden til lokalavisa Grenna, der det på youtube.com er synt ein tur over Bjøndalstindane i Folgefonna nasjonalpark. Delar av turen er filma med drone. Bruken av drone er tvilaust innanfor grensa til Folgefonna nasjonalpark. Det er ikkje utstedt noko løyve til dette frå nasjonalparkstyre.

### **Vurdering**

Bruk av drone fell inn under verneforskrifta § 3, 7.2 – Støy. Bruk av drone er forbode utan løyve i nasjonalparken. Denne saka må vurderast prinsipielt i høve til korleis nasjonalparkstyre skal handsame mindre brot på forskrifta.

Bruken av drone i dette konkrete tilfellet er av ein karakter som har mindre konsekvens i høve til føremålet bak nasjonalparken. Samstundes er bakgrunnen for at folk reiser til nasjonalparken eit ynskje om å oppleva natur og fråver av støy. Drone kan bli oppfatta som eit framandelement og vera sjenerande. I tillegg kan den ha ein negativ verknad for hekkande fugl og virka stressande på beitedyr. Difor er det viktig at det vert lagt opp til at nasjonalparkstyre har oversikt og ein kontroll over bruken av drone.

Talet på droner og bruken av dei er aukande. Dette er merkbart i nasjonalparker, til dømes Jotunheimen og Jostedalsbreen. Private brukarar av drone har liten kunnskap og liten innsikt i ulike regelverk. Vurdering av denne enkeltsaken må sjåast opp mot at dette vil vera noko som kjem til å skje igjen.

Forvaltaren legg fram to ulike alternativ for å handtera saka. Dette er fordi det må diskuterast i styret kva reaksjon som er rimeleg i høve til tiltaket og korleis ein prinsipielt skal handtera denne typen saker.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	47/19	12.09.2019

## Bygging av bru over Pyttelva - Bondhusdalen landskapsvernområde

### Framlegg frå forvaltar

Statkraft får med dette løyve etter verneforskrifta for Bondhusdalen landskapsvernområde § 3, 1.3 f) til å bygge bru over Pyttelva og naudsynt motorferdsel i samband med tiltaket, jf. § 3, 5.3 f). For løyve gjeld følgjande vilkår:

- Brua skal oppførast i metall og trevirke. Fundament kan vera betong og liknande.
- Lokalisering og størrelse skal vera som skissert i epost datert 29.05.2019.
- Løyve for motorferdsel gjeld for inntil 10 turar i perioden 02.09.2019 til 01.09.2020.
- Transport skal skje utanom helg og helligdagar.
- Løyvet gjeld ikkje persontransport.
- Før transport skal Statens Naturoppsyn ved Olaf Bratland varslast, anten på e-post olaf.bratland@miljodir.no eller på telefon **970 23 013**
- Det skal førast køyrebok årleg som viser dato, kørerute og føremål med turane. Kvar enkelt tur skal førast i køyreboka før transporten begynner
- Køyrebok for sesongen skal sendast til Folgefonna nasjonalparkstyre **innan 31.desember**. Send gjerne på e-post til: fmhopostmottak@fylkesmannen.no

Nasjonalparkstyret gjer merksam på at reglane innanfor verneområdet ikkje set til side reglane i motorferdslelova eller anna lovverk. Kontakt Kvinnherad kommune om dette.

### Saksopplysningar

Statkraft søker om oppføring av bru for å sikre trygg ferdsel over Pyttelva, der eksisterande sti langs Bondhusvatnet går i dag. Elva deler seg i to og eine løpet har ei fungerande bru medan det andre løpet har hatt ei provisorisk bru som no er vekke. Det er utfordrande å krysse dette løpet ved høg vassføring. Det er difro ynskje om å setje opp ei ny bru. Statkraft ynskjer å føre opp bruha i glassfiber. Dette fordi det er lett og holdbart, og heile bruha kan løftast på plass med eit helikopterløft.

Brua skal lokaliserast som vist på biletet under.



## VURDERING

Søknaden må vurderast opp mot verneforskrifta for Bondhusdalen landskapsvernområde. Det er her eit forbod mot inngrep som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin karakter. Det er gjort unntak der forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bygging av bruer og klopper som er nausynt i samband med beitebruk og friluftsliv, jf § 1.3 f). Det er i tillegg eit forbod mot motorisert ferdsel men gjort unntak for bruk av helikopter for transport av materiale, utstyr mm til hytter og stølshus og liknande, jf. § 5.3 b).

Ved vurdering av søknaden om å få bygge ei bru har forvaltaren lagt til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskap om verknadene av tiltaket i høve verneføremålet og naturmiljøet i området, jf. naturmangfaldlova § 8. I følgje Naturbase og Artskart er det for det aktuelle området ikkje registrert artar eller naturtypar som kan ta skade av tiltaket.

I høve naturmangfaldlova § 12 skal ein ta utgangspunkt i best eigna driftsmetodar, teknikk og lokalisering for å unngå skader på naturmiljøet. Til dømes gjeld dette val av materiale for å bygge bru og å sikre ein lokalisering som på kort og lang sikt gjer minst mogleg skade på verneverdiane i området.

Tiltakshaver ynskjer å bygge bruhaugen i glasfiber. Dette gjer ei lett bru som har god holdbarhet. Forvaltaren vil peika på at utfordringa med ei glasfiberbru er at dersom denne vert tatt i flaum eller flaumskred, eller vert råka av steinsprang eller snøskred er at det vil føre til spreieing av

glasfiberpartiklar. Det er i tillegg sannsynleg at denne vil verta delt opp i svært mange små biter dersom den kjem ned i elva eller vert liggande nedover i elveløpet. Dette vil føre til at det over tid vert spreidd glasfiberfragment nedover i vassdraget og Bondhusvatnet. Glasfiber er eit plastprodukt med svært lang levetid. Fragmentering av ei slik bru kan føre til at eit opprydningsarbeid vert vanskeleg.

Bruer av metall og trevirke vil i mindre grad verta delt opp i mindre fragment og vil ha ein mindre negativ verknad for omkringliggende miljø dersom dei vert øydelagte. I tillegg vil eit opprydningsarbeid vera lettare. Trevirke og metall vil i tillegg ha ein mindre negativ verknad dersom det vert liggande att nedover elveløpet. På den bakgrunn tilrår forvalteren eit viklår om at materialvalg må vera metall og/eller trevirke for bruha.

Jf. § 10 i naturmangfaldlova skal det vurderast samla belastning som naturmiljøet er eller vert utsett for. Brua er ei oppgradering av eksisterande sti. Det vil gjera det tryggare både for folk og sau å krysse elva ved høg vassføring. Forvaltar har vurdert samla belasting i området og vurderer den som avgrensa. Naturmangfaldlova §§ 9 og 11 er vurdert men ikkje funne relevant i denne saka.

### **Motorferdsel**

Ein kan sjå behovet for å få køyrt inn material og utstyr i samband med bygging av bru i området og det er opna for å gje løyve til denne type motorferdsel i verneforskrifta. Transporten skal gå føre seg med helikopter for å unngå slitasje på terreng. Motorferdsel i naturen førar til ein rekke ulemper som støy, forureining, forstyrningar av dyreliv og konfliktar med friluftslivet. Det er difor viktig å setje ei grense for tal turar, prøva å samle turane og unngå å køyre på sundagar og heilagdagar for å unngå konflikt med friluftsliv og unødig forstyrring av dyrelivet i området.

Det er sett vilkår for kva type transport som er tillate i løyvet. Folgefonna nasjonalparkstyre innførte i 2012 køyrerekordning, denne skal leverast etter avslutta sesong kvart år, **seinast 31.desember.**

Utval	Utvalssak	Møtedato
Folgefonna nasjonalparkstyre	50/19	12.09.2019

## Høyring av nasjonal ramme for vindkraft - Folgefonna nasjonalparkstyre

### Innstilling frå forvaltar

Forvaltar fremjar inga innstilling i denne saka.

### Saksopplysningar


Olje- og energidepartementet sendte 1. april 2019 ut NVE sitt forslag til nasjonal ramme for vindkraft på høyring.

Føremålet med nasjonal ramme er å peika ut områda som er mest egna for vindkraft på land i Norge. Områda er peika ut ved å analysera vindressurser, nettkapasitet og avstemme mot andre miljø og samfunnsinteresser.

Hovudavgrensinga er lagt inn mot grensa til Folgefonna nasjonalpark i sør, i Etne og Kvinnherad kommune, jf. bilet under.



NVE har i tillegg avmerka nokre områder som ikkje er aktuelle, mellom anna større verneområder, jf. biletet under. Her er heile Folgefonna nasjonalpark tatt ut av vurderinga. Det er områda som no ligg tilgrensande område i sørvest som er vurdert tatt vidare i planen.



## Vurdering

Det er i i høyringa ingen områder som ligg inne i nasjonalparken som er omfatta av planen. Styret må difor vurdera om dei tilgrensande områda utanfor nasjonalparkgrensa kan råka verneverdiene, og om styret skal uttale seg om områder utanfor nasjonalparken. Forvaltaren meiner at dette er ein prinsipiell vurdering og har difor ikkje fremja noko innstilling.

Nasjonalparkstyret må vurdera om det skal:

- 1) Skal sendast ein uttale til høyringa
- 2) Kva innhaldet i høyringa skal vera

## **ST 48/19 Referatsaker**

**RS 11/19 Avklaring om bruk av dronar i verneområde - Miljødirektoratet - Folgefonna nasjonalparkstyre 2019**

**RS 12/19 Orientering - Folgefonna Nasjonalpark - Definisjon av Forsvarets operative virksomhet i verneområdene**

**RS 13/19 Referatsak - Bygging av Svoldal kraftverk i Kvinnherad kommune - Fatland Kraft AS**

**RS 14/19 Ikkje gjennomført tiltak - Oppføring av stølshus/hytte Raundalen**

**RS 15/19 Referatsak - Melding om avslag til Likestillings- og diskrimineringsombodet - Motorferdsel Bondhusdalen landskapsvernombret**

## **ST 49/19 Delegerete saker**

**DS 29/19 Delegert vedtak - Landing med helikopter i Raunsdalen - Folgefonna nasjonalpark**

**DS 30/19 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - bruk av drone til filming av kunstprosjekt - Torstein Lund Eik**

**DS 31/19 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - helikopter - Sandvinsstølen - Vierdal - Einar Riise**

**DS 32/19 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalparkstyre - Buer landskapsvernområde - Helikoptertransport i samband med sau i skorfeste**

**DS 33/19 Løyve 2019 - Folgefonna Nasjonalpark - Etne - Helikoptertransport av felt hjort - Sandvikedalen - Mosdalen og Hjortedalen**

**DS 34/19 Delegert vedtak - Filming med drone på Hanakamb - Folgefonna nasjonalpark**

**DS 35/19 Delegert vedtak - Folgefonna nasjonalpark - Landing med helikopter ved Hersetenuten,Ridbjørg og Reinanuten 8-14 sept 2019**

**DS 36/19 Delegert vedtak - Løyve til motorisert ferdsel med helikopter i samband med arbeid på stølshus i Vierdal - Folgefonna nasjonalpark**

**DS 37/19 Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel til henting av sau i skorfeste - Folgefonna nasjonalpark**

**DS 38/19 Delegert vedtak - Løyve til motorferdsel for uttransport av felt storvilt - Folgefonna nasjonalpark**

**DS 39/19 Avgjerd i AU i Folgefonna nasjonalparkstyre - Motorisert ferdsel i Bondhusdalen landskapsvernområde**